

Fylkesmannen i Rogaland
Postboks 59
4001 STAVANGER

Deres ref
2017/6935

Vår ref
17/1212-135

Dato
2. mai 2018

Utgreiing av grensejustering av kommunegrensa på Ombo mellom Finnøy og Hjelmeland kommunar

Departementet viser til brev av 21. februar 2018 med søknad om å setje i gang ei utgreiing av grensejustering mellom kommunane Finnøy og Hjelmeland, på øya Ombo.

Finnøy (Nye Stavanger) og Hjelmeland kommunar

I samband med kommunereforma gjorde begge kommunar i 2016 vedtak om at heile øya Ombo skulle høyre til Finnøy/Nye Stavanger kommune. Fylkesmannen skreiv i samanfattande brev til departementet 12. juni 2017 om saka at:

Kommunestyra har vedtatt at heile øya skal tilhøyre Finnøy kommune ("Nye Stavanger"). Når vi mottar eit kommunalt initiativ om slik grensejustering, er Fylkesmannen positiv til slik grensejustering.

Departementet er ikkje kjent med om det kom eit formelt initiativ til ei slik grensejustering som vart vedteke i 2016.

Det har i ettertid komme eit innbyggjarinitiativ frå 52 av 74 innbyggjarar (55 røysteføre) på Hjelmelandsida av øya som seier at dei vil høyre til Hjelmeland kommune. Hjelmeland kommune fatta vedtak 27. september 2017 om å behalde grensa slik som i dag.

Kommunestyret i Finnøy vedtok 13. desember 2017 der dei stadfestar at dei *ønskjer at Ombo vert samla i ein kommune og at saka vert sent vidare til Fylkesmannen med søknad om utgreiing og vedtak om grensejustering med heimel i inndelingslova.*

Kommunane er såleis ikkje lenger samde om ei grensejustering der heile Ombo tilhøyrer Finnøy/Nye Stavanger, og Fylkesmannen ber departementet ta stilling til om det skal setjast i gang ei utgreiing.

Departementet meiner det bør gjennomførast ei mindre utgreiing. Departementet meiner at innbyggjarane er tilstrekkeleg høyrde i saka, jf. den omfattande innbyggjarundersøkinga gjennomført av Opinion i november 2016, samt brevet frå eit stort fleirtal (52 av 74, 55 røysteføre) av innbyggjarane i Hjelmeland-delen av øya som stadfestar at dei framleis vil tilhøyre Hjelmeland kommune.

Om arbeidet med utgreiinga

Utgreiinga skal gje opplysingar om relevante tilhøve som folketal, areal, geografi, kommunikasjonstilhøve, pendling, utbyggingsmønster og det kommunale tenestetilbodet. Det vert lagt til grunn at kommunane og andre offentlige etatar raskt skaffar det relevante informasjonsgrunnlaget, på oppmoding frå fylkesmannen, jf. inndelingslova § 9.

Dersom fylkesmannen tilrår ei grensejustering, skal det følgje med eit klart og eintydig forslag til ny kommunegrense. Statens kartverk bør konsulterast om utforminga av forslaget til ny grense.

Departementet ber fylkesmannen å vurdere om det er behov for å sende fylkesmannens tilråding frå på høyring til kommunane, og eventuelt avklare dette med kommunane.

Departementet legg til grunn at Fylkesmannen i Rogaland dekkjer utgiftene til utgreiingane, jf. inndelingslova § 11.

Departementet ber om at utgreiinga med tilråding fra Fylkesmannen blir sendt departementet seinast 8. juni.

Med hilsen

Mari Jacobsen (e.f.)
avdelingsdirektør

Ina Kathrine Ruud
fagdirektør

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer

Kopi
Hjelmeland kommune
Finnøy kommune